

Nokre tendensar i «urban-austlandsk» talemål

«Han hugga seg i arma og gikk på snuta i bekka»

E-verb og hankjønnsord blir a-verb og hokjønnsord. *Snuten* blir *snuta*, *sti(g)en* blir *stia*, *seti (sitti)* blir *sitta*, og *kommi* blir *komma*. Eg har følgd med dette fenomenet i tre-fire år, mest i «urban-austlandsk», og eg meiner presset frå bokmålet er årsaka.

Hokjønnsord

Nye **hokjønnsord** eg har notert (slik eg hørde dei. Nynorsk til høgre):

| | |
|--------------|----------------------|
| arma | (armen) |
| bekka | (bekken) |
| bua | (bogen) |
| børsta | (børsten) |
| bøyla | (bygelen) |
| (på) dunka | (dunken) |
| holka | ((stav-)holken) |
| kjela | (kjelen) |
| knuta | (knuten) |
| kolla | (kollen (=«haugen»)) |
| ei kubbe | (ein kubbe) |
| ei mjølkesil | (ein mjølkesil) |
| ei murstein | (ein murstein) |
| oppvaska | (oppvasken) |
| ei runde | (ein runde) |
| skrua | (skruven) |
| snila | (snigelen) |
| snuta | (snuten) |
| spaka | (spaken) |
| stia | (stigen) |
| stolpa | (stolpen) |
| strupa | (strupen) |
| svetta | (sveitten) |

| | |
|------------|--------------|
| såla | (solen) |
| tiurleika | (tiurleiken) |
| veka/veika | (veiken) |

(For ordens skyld: Dativ finst ikkje i målføret).

Generelt kan ein seia om orda som blir gjort til hokjøn:

1. Dei er korte.
2. Dei er trivielle, daglegdagse, står ikkje for noko litterært eller «edelt».
3. Mange av dei er «vulgære».

Det siste er ikkje så rart, ettersom a-ending i bokmål gjerne blir brukt om det som er vulgært, simpelt eller møkkete, jamvel om folk sjeldan tenker over det. Alle skriv *hora*, *ræva* og *møkka*, men dei fleste bokmålsfolk reagerer om ein skriv *dronninga*, *kirka* eller *regjeringa* på bokmål.

Men som ein ser av lista, er slett ikkje alle orda av typen «vulgær». Alle er likevel av typen «triviell, ulitterær». Denne gruppa står òg i motsetnad til dei «fine», «edle», «opphogde» orda. Den gruppa ligg ikkje under for «a-endingssjuka», tvert om. Former som *prinsessa*, *trua* (på Herren) og *kjærka/kjørka* er på vikande front i talemålet, og ord som

skrud, vin og *prest* har ikkje fått a-ending (**den skruda, vina, presta*) – sjølvsgagt.

Det ser altså ut til at «urban-austlandsk målføre» overtek det vanlege skilet i bokmål, som er slik:

1. Fine, edle eller litterære ord må ha ending *-en* (sjølvsgagt bortsett frå inkjekjønn).
2. Vulgære, trivielle ord kan ha ending *-a*.

Likevel blir det ikkje heilt på same måten i målføra. I talen er nemleg tendensen at **berre** dei edle, opphøgde eller litterære orda får endinga *-en*, mens «alle andre» får ending *-a*. Tyngdepunktet ligg på *-a* i målføra, på *-en* i bokmålet.

Bokmålsskikken med å bruke a-ending i triviell-vulgære ord kan forklare at nettopp **denne** ordgruppa skifter kjønn, og ut frå den kan vi føreseia kva ord som i framtida kan skifte kjønn: Korte, trivielle, dagleg-dagse, særleg vulgære, ord.

Men skriveskikken i bokmålet kan ikkje fortelja oss **kvifor** ord skifter kjønn. For viss det var slik at dialektsnakkane berre overtok bokmålsskikken, så skulle det ikkje bli fleire hokjønnsord i dialekten, det skulle bli **færre!** Orda eg har lista opp er jo slett ikkje hokjønn i bokmålet!

Her må vi merke oss at **alle dei nye hokjønnsorda** i lista **opphavleg er hankjønnsord**. Ingen er inkje-

kjønn. For: **inkjekjønnsorda er dei same på bokmål og dialekt**.

Det er altså i fordelinga hankjønn/hokjønn dialektbrukarane er ustøe. Den rimelegaste forklaringa på det er at folk går i surr fordi bokmålet dei skriv har eit anna system. Den som mange nok gonger byttar *-en* med *-a* når han går frå tale til skrift, kan lett komma til å «reversere» dette når han går frå skrift til tale. Nett som *historia* blir *historien* i skrift, så kan *bekken* bli *bekka* i tale.

Når folk går slik i surr, forfell det opphavlege systemet, der endingane er nøytrale, slik at ord av alle stil-kategoriar kan vera hokjønn. I staden kjem eit nytt inndelingssystem (etter ein «fin-vulgær-skala») inn frå bokmålet, men ikkje slik at orda får lik ending i bokmål og målføre. I målføret ligg tyngdepunktet på a-ending i staden for en-ending. Dette nye systemet er ei **parallellforskuving** av bokmålet, noko vi ser klarare i verb-bøyinga.

A-verb

Også ei rad **verb** har i det siste fått a-ending i «urban-austlandsk» tale. Det er sterke verb og e-verb.

| Nytt målf. | Bm. | Nyno. |
|------------|--------------|--------------|
| avslepa | avslepet | «avslipt» |
| bygga | bygget | bygd |
| dekka | dekket | dekte/dekt |
| frossa | frosset | frosi/frosen |
| gjeta | gjette/gjett | gjette/gjett |

| | | |
|---------------|-----------------------|----------------|
| hjulpa | hjulpet | hjelpt |
| hyla | hylte/hylt | hylte/hylt |
| høgga/hugga | hugget | hogg/hoggi |
| klippa | klippet | klypte/klypt |
| kneppa | kneppet | knepte/knept |
| knytta | knyttet | knytte/knytt |
| komma | kommet | kommi |
| lekka | lekket | lak/leki |
| ligga | ligget | legi |
| sitta | sittet | seti |
| siva | sivet | seig/sigi |
| skjøta | skjøtet(skjøtte) | skøyte/skøytt |
| slåkka | slukket | sløkte/sløkt |
| støta (kule) | støtet (men: utstøtt) | støyte/støytt |
| trykka/trøkka | trykket | trykte/trykt |
| utgyda | utgydet | utgytte/utgytt |
| veka | veket | viki |
| vekka | vekket | vekto/vekt |
| veva | vevet | vov/vovi |
| yda | ydet | ytte/ytt |

Det lista tyder på, er at dialekt-snakkane overtek **verbklasseinndeling** frå bokmålet. Det er ikkje slik at alle sterke verb og e-verb blir a-verb. Det som skjer, er at dei **verba som har endinga *-et* i bokmålet**, dei får endinga *-a* i målføret. Regelen er jo at ein skriv *-et* på bokmål i dei verba som har a-ending i målføret, nesten slik at «kasta skrivst kastet». Så har denne regelen vorti snudd attfram: «Ydet blir uttala yda». Men dei verba som er **e-verb i bokmål, held fram med å vera e-verb i målføret**. Det er ingen som seier **kjenna* og **kjøpa* for *kjente* og *kjøpte*.

Parallellforskuving

Det er heilt gali å seia at målføra på

sentral-Austlandet forsvinn og blir erstatta av reint bokmål. Utviklinga går mot ein språkvariant som er ei **parallellforskuving** av bokmålet. Skjematisk framstilt:

| Bm. | Nytt målf. | Opph.målf. | Nyn. |
|-------------|------------|------------|--------|
| Verb: | | | |
| kastet | > kasta | kasta | kasta |
| knyttet | > knytta | knytte | knytte |
| hugget | > hugga | hogg | hogg |
| Substantiv: | | | |
| avisen | > avisa | avisa | avisa |
| sålen | > såla | sålen | solen |

Den same tendensen til «parallellforskuving» av bokmålet finst i t.d. Bodø-målet og i Trondheims-målet:

| Bm. | målf. | opph.målf. | Nyno. |
|---------|----------|-----------------|-----------------|
| | | | (bygdene rundt) |
| båter | > båta | båta | båtar |
| punkter | > punkta | punkt | punkt |
| skåler | > skåla | skål(e) | skåler |
| båtene | > båtan | båtan | båtane |
| husene | > husan | husa (Bodø:-an) | husa |
| skålene | > skålan | skålen | skålene |

Vi ser at målføret ikkje blir likt bokmålet, men **systemet** blir likt. Systematiske trekk i dialektane **tilsvarer** direkte systematiske trekk i bokmålet. Kvar bøyingsklasse i bokmålet har ein eksakt tilsvarende bøyingsklasse i målføret, mens det eldre systemet i målføret forsvinn. Det sterke bokmålspresset gjer altså at **dialekten ikkje kan ha eit system som er meir innfløkt eller annleis enn bokmålet**.

Systemet i Trondheims- og Bodø-

mål har ikkje berre vorti likt bokmålet, det har òg vorti forenkla. Dermed bortforklarer somme at bokmålet formar målføra med å vise til at systemforenkling er eit universelt fenomen.

Målføreendringane skjer pga. «indre tilhøve i målføra», uavhengig av bokmålet, hevdar dei. Dèt er litt for lettvent. Målføre låner òg meir-innfløkte system frå bokmålet, t.d. skilet mellom *de* og *dem* («Urban-

austlandsk» opphavleg *dem* (*døm*, *dom*) både subjekt og objekt). Og «a-endingssjuka» let seg knapt forklare utan at ein tek bokmålet med i reknestykket.

Tek bokmålet knekken på dei sør-austlandske målføra? Tja. Enno kjem dei til å leva lenge. Men **som sjølvstendige språkssystem** held dei på å få banesår.

Eldar Heide er magistergradsstudent i norrøn filologi, Universitetet i Oslo.




Fig. 11. Tunga.

mål og makt

NR. 3/94. 24. ÅRG. KR 25,-

Terminologi
Talemålsutvikling
Trøndsk målreising




Fig. 24. Gjenomskurd:
1 tunga, 2 svelgen, 3 veikgomen, 4 drypelen,
5 barkeloket, 6 matrøyri, 7 ryggen.